


DELEGERINGSREGLEMENT

FOR

ØRSKOG KOMMUNE

2015-19



1. KOMMUNESTYRET

GENERELT OM DELEGERING

Kommunestyret er det øvste avgjerande organ med overordna ansvar for den samla verksemda i kommunen, jfr. kommunelova § 6.

Kommunelova gir vide rammer for den retten kommunestyret har til å delegerere avgjerdsmynde til andre politiske organ og til administrasjonen, jfr. kommunelova § 10 og § 23.

Kommunen sitt delegeringsreglement er eit sentralt hjelpemiddel for å gjere kommunen sin totale organisasjon og avgjerdsprosess så effektiv som mogleg. Det skal sikre ei føremålstenleg mynde- og ansvarsavklaring mellom ulike politiske organ og mellom dei politisk organa og administrasjonen.

Gjennom delegeringsreglementet skal det leggjast til rette for at mest mogleg av dei politiske og administrative ressursane skal kunne fokusere på utvikling og planlegging medan løpande drift og avgjerd og gjennomføring i einskildsaker skal kunne skje med minst mogleg bruk av tid og forvaltningsressursar.

SAKER SOM MÅ AVGJERAST AV KOMMUNESTYRET SJØLV:

Kommunestyret tek sjølv avgjerd i alle saker, med mindre vedtaksmyndet ikkje gjennom lov eller reglement er delegert til andre.

Kommunestyret tek avgjerd i desse sakene:

- saker med store økonomiske konsekvensar
- kjøp og sal av aksjar
- kjøp og sal av strategisk viktige eigedomar og eigedomar som ligg utanfor regulerte område
- saker som gjeld utvikling av næringsliv, kommunesentrum, bygdesamfunn
- marknadsføring og profilering av kommunen
- deltaking i regionalt utviklingssamarbeid
- saker som etter ordføraren si vurdering må til kommunestyret, og som ikkje høyrer naturleg inn under ansvar og mynde til andre utval

Kommunestyret skal etter lovverket sjølv gjere vedtak i følgjande saker:

Kommunelova av 25. september 1992 nr. 107:

§ 7, nr. 3	Vedta endring av kommunestyret sitt medlemstal.
§ 8, nr. 1	Velje formannskap.
§ 9, nr. 1	Velje ordførar og varaordførar
§ 10, nr. 1-3	Opprette faste utval, fastlegge område for ansvar og mynde for desse, velje medlemmar, varamedlemmar og leiar/nestleiar
§ 10, nr. 6	Omorganisere og legge ned faste utval
§ 10a	Opprette kommunestyrekomitear, fastlegge område for ansvar og mynde for desse, velje medlemmar, varamedlemmar og leiar/nestleiar, samt omorganisere og legge ned kommunestyrekomitear
§ 11, nr. 1	Opprette eige styre for kommunale institusjonar o.l.
§ 11, nr. 2	Fastsetje reglar om korleis styret skal samansettjast
§ 12, nr. 1	Vedta oppretting av kommunedelutval.
§ 12, nr 2	Fatte vedtak om korleis velje medlemmer til eitt eller fleire kommunedelsutval
§ 12, nr. 3	Fastsetje kommunedelsutvalas oppgåver
§ 12, nr. 5	Fatte vedtak om nedlegging av kommunedelsutval
§ 13, nr. 1	Overføre mynde i hastesaker.

§ 15, nr. 3	Vedta suspensjon
§ 16, nr. 3, 4	Velje medlem og leiar i politiske utval ved endeleg uttreden
§ 16, nr. 5	Val av midlertidige varamedlemmer til kommunestyret
§ 16, nr. 6	Valform ved suppleringsval etter nr. 3 og nr. 5
§ 18	Innføring/oppheving av parlamentarisk styreform
§ 22, nr. 2	Tilsetje rådmann.
§ 24, nr. 1	Tildele rådmannen mynde til å opprette og nedlegge stillingar og til å treffe vedtak i personalsaker
§ 24, nr. 2	Avgjere årsmåltilsetjing i leiande administrative stillingar.
§ 24, nr. 3	Opprette/slutte seg til ei pensjonsordning for kommunalt tilsetje
§ 25, nr. 2	Velje medlemmar og leiar/nestleiar i partssamansette utval – administrasjonsutval
§ 26, nr. 4	Fastsetje retningslinjer for tilsetje-representantar sin møterett i nemnder.
§ 27	Opprette eige styre for to eller fleire kommunar til løysing av felles oppgåver
§ 28	Gi ei samanslutning av kommunar fullmakt til å inngå og seie opp tariffavtale, samt å gi eller ta imot kollektiv arbeidsoppseiing på kommunens vegne
§ 28 b	Opprette administrativt vertskommunesamarbeid
§ 28 c	Opprette vertskommunesamarbeid med felles folkevaldenemnd
§ 28 e	Inngå avtale om vertskommunesamarbeid
§ 28 g	Opprette klagenemnd i vertskommunesamarbeid
§ 28 i	Oppløyse og tre ut av vertskommunesamarbeid
§ 30, nr. 3	Fastsetje regler om føring av møtebøker
§ 38 a	Vedta samrøystes at val til folkevalde organ skal skje som avtaleval etter denne paragrafen
§ 39, nr. 1	Fastsetje ved reglement nærare regler for sakshandsaming i folkevalde organ
§ 39a nr. 2	Ta stilling til innkomne innbyggjarinitiativ
§ 39 b nr. 1	Bestemme om det skal haldast rådgivande lokal folkerøysting
§ 40, nr. 5	Fastsetje reglement for folkevalde sitt innsyn i saksdokument og til informasjon om saker som er under handsaming
§ 41	Fastsetje maksimalsats for tap av inntekt og påførde utgifter som følgje av kommunale tillitsverv
§ 42	Fastsetje regler for møtegodtgjersle
§ 43	Vedta pensjonsordning for folkevalde
§ 44, nr. 6	Vedta økonomiplan og endringar i denne
§ 45, nr. 2	Vedta årsbudsjett og endringar i dette
§ 48, nr. 3	Vedta årsrekneskap, som skal leggast fram saman med årsmelding
§ 48, nr. 3	Vedta disponering av rekneskapsmessig overskot og dekning av underskot
§ 50	Vedta opptak av lån (vert som regel gjort i årsbudsjettvedtaket)
§ 51	Vedta garantistilling og pantsetting for andre sine økonomiske plikter
§ 52, nr. 1	Gi reglar for kommunen si finansforvaltning
§ 56, nr. 1	Vedta betalingsinnstilling

- § 62, nr. 1 Vedta oppretting av kommunalt foretak, val av styre og fastsetting av vedtekter (jmf. også § 65, nr.3, § 66, nr. 3)
- § 69 Vedtak i føretakets styre som må godkjennast av kommunestyret
- § 77, nr. 1 Velje kontrollutval
- § 78, nr. 3 Velje organisasjonsform for kommunerevisjonen (eigen, interkommunal eller avtale med privat)
- § 78, nr. 4 Tilsetje kommunerevisor, etter innstilling frå kontrollutvalet.
- § 80 Vedta reglar om selskapkontroll

Lov om val til Storting, fylkesting og kommunestyre (vallova) av 28. juni 2002 nr. 57:

- § 4-1 Velje valstyre

Forvaltningslova av 10. februar 1967:

- § 28, 2. ledd Vedta oppretting av klageorgan for einskildvedtak og val av medlemmar til dette/desse

Skattelova av 26. mars 1999 nr. 14

- § 1-2 Vedta i årsbudsjettet om utskrivning av skattar og satsane for det

Plan- og bygningslova av 27. juni 2008 nr. 71:

- § 3-3 Ansvar og leiing av den kommunale planlegging.
Vedta kommunal planstrategi, kommuneplan og reguleringsplan
Sørge for å etablere ei særskilt ordning for å ivareta barn og unges interesser i planlegginga
- § 10-1 Utarbeide og vedta kommunal planstrategi
- § 11-13, 2.ledd Fastsetje planprogram for kommuneplan
- § 12-1 Syte for utarbeiding av reguleringsplanar
- § 12-12 Vedta reguleringsplanar som ikkje kan delegerast
- § 12-14 Endre og oppheve reguleringsplanar som ikkje kan delegerast
- § 16-2 Vedta ekspropriasjon til gjennomføring av reguleringsplan
- § 16-3 Vedta ekspropriasjon uavhengig av reguleringsplan
- § 16-4 Vedta ekspropriasjon til vatn og avlaupsleidningar
- § 17-2 Fastsetje tilfelle der utbyggingsavtale er føresetnad for utbygging og synleggjere kommunens forventningar til avtalen
- § 31-8 Vedta program for utbetring av bebyggelse og tilhøyrande areal for ein eller fleire eigedomar i tettbygd strøk
- § 33-1 Vedta gebyrregulativ for handsaming av søknader om deling, løyve, kontroll, utsteding av attestar, avskrifter eller anna arbeid som kommunen etter denne lova, forskrift eller vedtekt er pålagd å utføre

Lov om kommunale helse- og omsorgstenester m.m. av 24.

juni 2011 (helse- og omsorgstenestelova)

§ 6-1 Inngå samarbeidsavtale med det regionale helseforetaket i helseregionen eller med helseforetak som det regionale helseforetaket bestemmer.

Prinsipielle vedtak som ikkje blir gjort av tenesteutvalet.

Lov om folkehelse av 24. juni 2011

Prinsipielle vedtak som ikkje blir gjort av tenesteutvalet.

§ 9, 2.ledd Kommunen myndig i avgjerder innanfor miljøretta helsevern kan utøvast av kommunelegen dersom det på grunn av tidsnød er nødvendig for at kommunens oppgåver etter dette kapitlet skal kunne utøvast (prinsipielle avgjerder).
Det blir elles vist til kap. 10 om rådmannens vidaredelegering til kommunelegen om å fatte vedtak også i ikkje-prinsipielle avgjerder innanfor miljøretta helsevern

Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag av 10. juni 1977 nr. 82:

§ 5 Vedta kommunal forskrift om løyve til motorisert ferdsel til bestemte føremål, til bestemte tider og kven som kan få løyve.

Lov om friluftsliv av 28. juni 1957 nr. 16

§ 14 Vedta at det er høve til å ta ei rimeleg avgift for tilgang til opparbeida friluftsområde

§ 15 Vedta reglar som regulerer ferdsel på visse friluftsområde

Alkohollova av 2. juni 1989 nr. 27

§ 1-7 d Vedta kommunal alkoholpolitisk handlingsplan

§ 3-3 Fastsetje tal på vinmonopolutsal i kommunen

§§ 3-7 og 4-4 Fastsetje innskrenkingar i tida for sal og skjenking av alkoholhaldig drikke

§ 7-1 Fastsetje bevillingsavgifter for sal og skjenking av alkoholhaldig drikke

Kyrkelova av 7. juni 1996 nr. 31:

§ 6 Velje kommunalt medlem av soknerådet

Veglova av 21. juni 1963 nr. 23:

§§ 4,5,6 og 7 Vedta bygging, opptak eller nedlegging av kommunal veg.

Lov om eigedomsskatt av 6. juni 1975 nr. 29:

§§ 2, 7, 10-13 og 20 Vedta utskrivning av eigedomsskatt m.m.

Eigarseksjoneringslova av 25. mai 1997 nr. 31

§ 7, 5.ledd Vedta gebyr for løyve til seksjonering

Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg av 16. mars 2012 nr. 12:

- § 5 Fastsetje lokale forskrifter storleiken på gebyra i kommunen og gi nærare reglar om gjennomføring av gebyrvedtaket og innkrevjing av gebyra.

Lov om brann- og eksplosjonsvern av 14. juni 2002 nr. 20:

- § 28 Fastsetje forskrift om gebyr for gjennomføring av feiing og tilsyn med fyringsanlegg.
- § 7, 3.ledd Vedta lokal forskrift om meldeplikt ved store arrangement
- § 9, 1.ledd Vedta brannordning for kommunen
- § 9, 4.ledd Godkjenne avtale mellom to eller fleire kommunar om felles brannvesen eller felles leiing av brannvesenet
- § 13, 4.ledd Vedta at det gjennom lokal forskrift eller enkeltvedtak skal førast tilsyn med andre byggverk m.m. enn dei som er omfatta av § 13, 1.ledd

Forureiningslova av 13. august 1981 nr. 6

- § 34 Fastsetje kommunalt gebyr for innsamling, mottak, oppbevaring og behandling av avfall

Matrikkellova av 17. juni 2005 nr 101:

- § 5a Vedta å inngå avtale med andre kommunar eller offentleg mynde utanom kommunen til å ivareta kommunen sitt mynde til å halde kart- og delingsforretning.

Oreigningslova av 23. oktober 1959 nr. 3:

- §§ 2, 8, 10 Vedtak om ekspropriasjon.

Lov om kommunale og fylkeskommunale eldreråd av 8. november 1991:

- § 1 Velje medlemmar til eldreråd.
- § 4 Handsame årsmelding frå eldrerådet.

Lov om råd for menneske med nedsett funksjonsevne av 17. juni 2005 nr. 58

- § 6 Val og samansetning av råd for funksjonshemma samt mandat for rådet
- § 3 Vedta interkommunalt råd for funksjonshemma

Lov om interkommunaleselskap (IKS) av 29. januar 1999 nr. 5

- § 4 Inngå selskapsavtale
- § 6 Nemne opp representant(ar) til representantskap
- § 30 Tre ut av IKS

Kommunestyret har det overordna ansvaret for kommuneforvaltinga og avgjer alltid saker av overordna og prinsipiell karakter, med mindre kommunestyret gjennom vedtak legg ansvar for å ta avgjerd i saker av overordna og prinsipiell karakter til andre utval.

Faktorar som må vurderast for å avgjere om ei sak er kurant eller av prinsipiell karakter bør normalt vere:

- om den endrar gjeldande praksis vesentleg
- om den vedkjem mange personar, eigedomar og liknande

- om den dannar presedens for andre liknande saker
- om den kan medføre ansvar for kommunen som går utover det den aktuelle saka handlar om

Dersom det er tvil om ei sak er kurant eller er av prinsipiell karakter skal avgjerd om dette takast av rådmannen og ordføraren. Dersom desse er i tvil skal saka leggest fram for formannskapet eller dei andre likestilte utvala.

Følgjande saker skal likevel alltid kommunestyret avgjere:

- hovudtrekk i den administrative organiseringa
- oppretting av nye tenester og vesentlege endringar av eksisterande tenester
- fastsetting av kommunale avgifter og betalingssatsar for kommunale tenester
- fastsetting av reglement og instruksar, der mynde ikkje er delegert

2. REGLAR FOR BRUK AV DELEGERT MYNDE

- 2.1 Desse reglane gjeld for all bruk av delegert mynde i kommunen dersom ikkje noko anna går fram av lov, forskrift eller delegeringsvedtak.
- 2.2 Delegert mynde skal utøvast i samsvar med lover og forskrifter, og retningslinjer gjevne av kommunestyret eller det delegerande organ, her under kjem dei økonomiske rammene som er vedtekne for verksemda.
- 2.3 Delegering i økonomisaker skal skje i samsvar med vedteke økonomireglement og vedteke finansreglement.
- 2.4 Ei sak vert oppfatta som ikkje prinsipiell når det ligg føre lover, retningslinjer og liknande for korleis ho skal behandlast, og / eller ein har praksis for behandling av tilsvarande saker.
- 2.5 Delegert mynde frå folkevalde organ til administrasjonen skal skje til rådmannen – jfr. kommunelova § 23 nr. 4 og 24 nr. 1 - med mindre noko anna er heimla i særlov.
- 2.6 Delegert mynde til folkevalde organ og til administrasjonen kan vidaredelegerast til underutval m.m. og andre tilsetje respektive, med mindre lov, forskrift eller kommunalt delegeringsvedtak er til hinder for det.
- 2.7 Det delegerande/overordna organet kan når som helst krevje å få lagt fram for seg til avgjerd ei sak som eit underordna organ og/eller administrasjonen har til handsaming i medhald av delegert mynde. Tilsvarande rett har rådmannen i saker han har delegert vidare til andre i administrasjonen.
- 2.8 Det delegerande/overordna organ kan av eige tiltak gjere om eit vedtak gjort av eit underordna organ/administrasjonen etter delegert mynde når vilkåra for dette er oppfylde etter forvaltningslova § 35, uavhengig av om dette dreier seg om enkeltvedtak etter forvaltningslova eller ikkje. Tilsvarande rett har rådmannen i høve til vedtak som er gjort etter vidaredelegert mynde til andre i administrasjonen.
- 2.9 Einskildvedtak som er fatta i samsvar med delegert mynde kan påklagast av ein part eller andre med rettsleg klageinteresse, jfr. forvaltningslova § 28, utanom områder der klageretten er innskrenka gjennom lovverket.
- 2.10 Overordna organ kan til ei kvar tid endre eller trekke attende delegert mynde.
- 2.11 Delegering gjeld også mynde til å gi dispensasjon innanfor dei reglane som gjeld i kvar einskild særlov.
- 2.12 Rapportering
Vedtak som vert fatta etter delegert mynde skal rapporterast slik:

- a) Formannskapet, kommuneplanutvalet, og tenesteutvalet rapporterer til kommunestyret med hovudutskrift.
- b) Administrative vedtak vert rapportert til dei ansvarlege politiske respektive organ med vedtakslogg og på andre måtar, med dei grenser som er sett i §§ 13-13e i forvaltningslova av 10. februar 1967 og i § 11 i lov om handsaming av personopplysingar av 14. april 2000 nr. 31.

3. ORDFØRAREN

3.1 HEIMEL

Ordføraren si formelle mynde og rolle er heimla i kommunelova.

3.2 OPPGÅVER OG ANSVAR

Etter kommunelova har ordføraren følgjande mynde/oppgåver:

- Leie møta i kommunestyret og formannskapet (§ 9 nr. 3)
- Ansvar for saksliste og innkalling til møta (§32 nr. 2)
- Kommunens rettslege representant (§ 9 nr. 3)
- Underskriver på kommunens vegne i saker der mynde ikkje er lagt til andre (§ 9 nr. 3)
- Møte- og talerett i alle folkevalde organ. Stemme- og forslagsrett i dei organ som vedkomande er medlem av (§9 nr. 4)

Kommunelova legg ikkje vedtaksmynde på vegne av kommunen direkte til ordføraren. Kommunestyret kan likevel gi ordføraren mynde til å treffe vedtak i enkeltsaker eller i type saker som ikkje er av prinsipiell betydning (§ 9 nr. 5). Slik mynde blir fastsett gjennom ordinært delegeringsvedtak.

Er kommunen sin representant i styre, representantskap, styringsgruppe eller tilsvarende i kommunale føretak, interkommunale eller andre samarbeidsorgan der kommunestyret ikkje har gjeve dette myndet til andre. Ordføraren kan vidareføre mynde til varaordførar, andre folkevalde eller til rådmannen.

Gjere økonomiske disposisjonar innanfor ansvarsområde politisk styring.

Anmelde og begjære på vegne av Ørskog kommune.

4. FORMANNSKAPET

4.1 HEIMEL

Formannskapet er heimla i og har dei oppgåvene som går fram av § 8 i kommunelova av 25. september 1992 nr. 107. Formannskapet i Ørskog har 7 medlemmar.

4.2 HOVUDREGEL

Formannskapet innstiller til kommunestyret i alle saker med mindre innstillingsmyndet er delegert til andre organ eller følgjer av anna regelverk.

4.3 TILRÅDINGSMYNDEN TIL KOMMUNESTYRET

Formannskapet handsamar og innstiller til kommunestyret i følgjande saker etter lover:

Kommunelova av 25. september 1992 nr. 107:

§ 8	Forslag til økonomiplan, årsbudsjett og skattevedtak
§ 22	Tilsetting av rådmann.
§ 27+28	Inngåing av avtalar om interkommunalt samarbeid.
§ 48	Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding.
§ 50	Forslag til låneopptak
§ 51	Vedtak om garantistilling
§ 52	Vedtak om reglar for finansforvaltning.
§ 62	Vedtak om oppretting av kommunalt føretak.

Lov om stadnamn av 18. mai 1990 nr. 11:

§ 6, 2. ledd	Vedtak av skrivemåten av namn på kommunale gater, vegar, parkar, torg, bydelar, bustadfelt, anlegg og liknande.
--------------	---

Hamnelova av 8. juni 1984 nr. 51:

§ 16	Planlegging, utbygging og drift av kaianlegg og hamneinnretningar.
§ 21	Fastsetting av hamneavgifter.

4.4 DELEGERT VEDTAKSMYNDE

Formannskapet har delegert mynde til å gjere vedtak etter særlover i følgjande saker:

Straffelova av 22. mai 1902 nr.10:

§ 79 5.ledd	Krav om påtale for straffbare handlingar.
-------------	---

Serveringslova av 13. juni 1997 nr. 55

§ 3	Vedta bevilling for serveringsløyve
§ 15	Vedta forskrift om opningstider for serveringsstader

Jordlova av 12. mai 1995 nr. 23:

§ 3	Avgjerdsmynde i landbrukssaker.
§ 8	Gjere vedtak om utsetting av driveplikt i inntil 5 år
§ 12	Vedta frådeling av bygningar på landbrukseigedom.

Lov om skogbruk av 27. mai 2005 nr 31:

§ 5	Avgjere om skogeigar skal påleggast å gjennomføre skogregistreringar og utarbeide ressursoversikt eller skogbruksplan
§ 6	Avgjere om skogeigar skal påleggast å setje i verk tiltak for å sikre at skogareal vert forynga.

Lov om konsesjon ved erverv av fast eigedom av 28. november 2003 nr. 98:

§ 12	Gjere vedtak i søknader om konsesjon for det som gjeld prinsipielle saker.
------	--

Lov om hundehald av 4. juli 2003 nr. 74:

Delegering for alle desse lovene gjeld også lovendringane fram til no og seinare lovendringar som ikkje er av prinsipiell karakter. Delegering gjeld også sentrale forskrifter gitt i medhald av desse lovene.

Formannskapet har mynde til å gjere vedtak i følgjande saker:

- å innvilge søknader om tilskott til næringsformål
- gjere vedtak i saker som ikkje er delegert til andre utval eller til rådmannen og som etter ordføraren si vurdering krev politisk handsaming, men som ikkje er så viktig at dei bør handsamast av kommunestyret.

4.5 DELEGERING I LØNSSAKER

Formannskapet fastset årleg økonomiske rammer for lokale forhandlingar etter kap. 3 og 5 i Hovudtariffavtalen.

Formannskapet skal årleg vurdere og fastsetje løn til rådmannen.

4.6 BUDSJETTMYNDE

Formannskapet sitt mynde i budsjettsaker går fram av eige økonomireglement.

4.7 FRÅSEGNER

Formannskapet gjev fråsegner på vegne av kommunen i alle saker frå sentrale styresmakter innanfor formannskapet sitt arbeidsområde med mindre dette ligg til kommunestyret sjølv.

4.8 HASTEKOMPETANSE

Formannskapet har hastekompetanse etter § 13 i kommunelova i saker som fell innanfor formannskapet sitt arbeids- og ansvarsområde.

4.9 KLAGEORGAN

Formannskapet er klageorgan etter § 28 i forvaltningslova for vedtak fatta av rådmannen innanfor formannskapet sitt ansvarsområde, og for vedtak fatta av underutval under formannskapet etter delegert fullmakt, *og for enkeltvedtak etter forvaltningslova § 28 gjort av andre kommunale organ*, unnateke dei sakene der særlover angir spesiell klageinstans.

4. 10 FORMANNSKAPET ER VALSTYRE

Formannskapet er av kommunestyret valt til valstyre etter § 4-1 i vallova av 28. juni 2002 nr. 57 og har det ansvar, plikter og oppgåver som framgår av lover og forskrifter.

5. TENESTEUTVALET

5.1 HEIMEL

Ørskog kommunestyret har valt tenesteutvalet og fastsett område for utvalet sitt arbeid med heimel i § 10 i kommunelova av 25. september 1992 nr. 107. Tenesteutvalet i Ørskog har 7 medlemmar.

5.2 ANSVAR OG ARBEIDSOPPGÅVER

Tenesteutvalet handsamar og innstiller til kommunestyret, eller gjer vedtak sjølv etter delegert mynde i alle saker som krev politisk handsaming og som gjeld aktuelle tenesteeiningar sin produksjon av tenester for innbyggerane.

Tenesteutvalet har tilrådingsrett overfor kommunestyret og eventuelt formannskapet i saker innanfor utvalet sitt ansvarsområde som har prinsipiell betydning med mindre anna går fram av lov, forskrift eller delegeringsvedtak.

Tenesteutvalet skal ha eit særskilt ansvar for å

- la brukarane av tenestene sitt syn kome klart og systematisk fram og prege planlegging og gjennomføring av tenesteproduksjonen
- vurdere brukarbehova innan dei einskilde tenesteeiningane opp i mot kvarandre for å kunne ha større visse for at prioriteringane av økonomiske og personellmessige ressursar er optimale til ei kvar tid
- sjå dei ulike delane av tenesteproduksjonen i samanheng og stimulere til auka samarbeid og koordinering mellom dei ulike tenesteeiningane
- bidra til ein effektiv tenesteproduksjon med høg kvalitet på tenestene

5.3 TILRÅDINGSMYNDE TIL KOMMUNESTYRET

Utvalet har direkte tilrådingsmynde overfor kommunestyret i følgande saker:

Lov om barnehagar av 17. juni 2005 nr. 64:

§ 7	Vedtekter for kvar barnehage
§ 10	Søknad om godkjenning av barnehagar

Opplæringslova av 17. juli 1998 nr. 61:

§ 2-2	Forskrift om undervisningstid utover timerammene i forskrifter frå departementet
§ 2-5	Forskrift om målform
§ 2-9	Forskrift om ordensreglement for den einskilde grunnskulen
§ 2-14	Forskrift om omfang, tid og innhald i punktskriftopplæring
§ 8-1	Forskrift om kva skule dei ulike områda i kommunen soknar til
§ 13-7	Vedtekter for skulefritidsordning

Lov om folkebibliotek av 20.12.1985 nr. 108:

§ 4 Reglement for folkebiblioteket

Helse og omsorgstenestelova av 24. juni 2011

Prinsipielle vedtak som ikkje blir teke av kommunestyret

Lov om folkehelse av 24. juni 2011

Prinsipielle vedtak som ikkje blir teke av kommunestyret eller kommunelegen

Lov om helsemessig og sosial beredskap av 23. juni 2000 nr. 56:

§ 2-2 Beredskapsplan for helse- og sosialtenester
Beredskapsplan for sine oppgåver etter folkehelselova kap.3

Forureiningslova av 13. mars 1981 nr. 6:

§§ 9, 22, 24, 52a Forskrift om avløpsutslipp, jfr. Forurensningsforskriften av 15. desember 2005 nr. 1691

5.4 DELEGERT VEDTAKSMYNDE ETTER SÆRLOVER

Delegert mynde til tenesteutvalet gjeld følgjande:

Lov om serveringsverksemd av 13. juni 1997 nr.55:

§ 15 Vedta forskrift om opningstider.

Plan og bygningslova av 27. juni 2008 nr. 71

Prinsipielle vedtak som ikkje blir teke av kommunestyret. Ikkje prinsipielle vedtak blir delegert til rådmannen.

Kapittel 26	Oppretting og endring av eigedom
Kapittel 27	Tilknytning til infrastruktur
Kapittel 28	Krav til byggjetomta og ubebygd areal
Kapittel 29	Krav til tiltaket
Kapittel 30	Krav til særskilte tiltak
Kapittel 31	Krav til eksisterande byggverk
Kapittel 32	Ulovleg oppfølging
Kapittel 33	Gebyr på undersøking av fast eiendom

Veglova av 21. juni 1963 nr. 23:

§ 9, 4. ledd Vegstyremakt for kommunale vegar.

Vegtrafikklova av 18. juni 1965 nr. 4:

Mynde etter Forskrift av 10.07.2005 nr. 1219 (skiltforskrifta).

Forureiningslova av 13. mars 1981 nr. 6:

§ 37 Vedta krav om rydding av etterlate, tømt eller oppbevart avfall.
§§ 73, 74 Fastsetje forureiningsgebyr for brot på reglar etter lov og forskrifter.

Lov om forvaltning av naturens mangfold av 19.juni 2009

§ 15 Gi uttale om frittstående reklameskilt.

Friluftsløva av 28. juni 1957 nr. 16:

§ 2 Vedtak om forbod mot ferdsel i utmark med samtykke av eigaren.
§§ 14, 15, 16, 18 Godkjenne atkomstavgift, fastsetje atferdsreglar, vedtak om sperring og innløyning.
§ 40 Vedtak om stansing og fjerning av ulovleg byggverk.

5.5 BUDSJETTMYNDE

Utvalet kjem med tilråding overfor formannskapet i årsbudsjett og økonomiplan.

Kommunale tilskot:

Tenesteutvalet har mynde til å tildele kulturmidlar.

5.6 HASTEKOMPETANSE

Tenesteutvalet har hastekompetanse etter § 13 i kommunelova i saker som fell innanfor utvalet sitt arbeids- og ansvarsområde.

5.7 REPRESENTASJON I SAMARBEIDSUTVAL

Tenesteutvalet skal velje blant sine medlemmar ein medlem til å vere med som kommunen sin representant på møta i følgjande utval:

Samarbeidsutvalet Årøyhaugen barnehage

Samarbeidsutvalet Ørskog skule

6. KOMMUNEPLANUTVALET

6.1 HEIMEL

Kommuneplanutvalet er oppretta med heimel i kommunelova § 10 nr. 1. Kommuneplanutvalet har 7 medlemmer.

6.2 ANSVAR OG ARBEIDSOPPGÅVER

Kommuneplanutvalet skal behandle og gi innstilling til kommunestyret når det gjeld kap. 10 Kommunal planstrategi, kap. 11 Kommuneplan og kap. 12 Reguleringsplan i Plan- og bygningslova.

Kommuneplanutvalet har eit særskilt ansvar for å samordne den overordna/strategiske planlegginga med kommunedelplanar av ulike slag. Det skal m.a. behandle framlegg til kommuneplan og kommunedelplanar etter særlov m.v.

6.3 AVGJERDSMYNDE

Kommuneplanutvalet har avgjerdsmynde i følgjande saker etter plan- og bygningslova:

- § 12-14 Treffe vedtak om mindre endringar i reguleringsplan eller til å vedta utfylling innanfor hovudtrekka i reguleringsplanen. Små endringar kan gjerast av rådmannen.
- § 13-1 Gjere vedtak om mellombelse forbod mot tiltak
- Kap. 19 Gjere varige og mellombelse dispensasjonar frå reglar fastsett i pbl.

7. ADMINISTRASJONSUTVALET

7.1 HEIMEL

Administrasjonsutvalet er oppretta som partssamansett utval i samsvar med § 25.1 og 2 i kommunelova. Kommunestyret vel fem arbeidsgjevarrepresentantar. Arbeidstakarane vel to representantar.

7.2 ANSVAR OG ARBEIDSOPPGÅVER

Administrasjonsutvalet skal handsame planer, reglement, retningslinjer, einskildsaker mv. som gjeld tilhøvet mellom kommunen som arbeidsgivar og dei tilsette.

8. KONTROLLUTVALET

8.1 HEIMEL

Ørskog kommunestyret vel kontrollutval med heimel i § 77 i kommunelova. Kontrollutvalet i Ørskog har 5 medlemmar.

8.2 ANSVAR OG ARBEIDSOPPGÅVER

Kontrollutvalet sitt ansvar, arbeidsoppgåver og mynde er gitt i § 77 i kommunelova.

9. ARBEIDSMILJØUTVALET

9.1 HEIMEL

Lov om arbeidsmiljø, arbeidstid og stillingsvern mv.(arbeidsmiljølova) av 17. juni 2005 nr 62 pålegg i §7-1 alle bedrifter med over 50 tilsette plikt til å opprette arbeidsmiljøutval. Utvalet skal ha like mange medlemmer fra arbeidsgjevar og arbeidstakarane. I Ørskog kommune har partane 3 medlemmer kvar. Hovudverneombodet er medlem av utvalet, som ein av arbeidstakarane sine representantar. Utvalet skal halde sine møter for lukka dører.

9.2 ANSVAR OG ARBEIDSOPPGÅVER

Utvalet sine oppgåver er gitt i § 7-2 i arbeidsmiljølova. I tillegg til lova, regulerer forskrift for verneombod og arbeidsmiljøutval og Hovudavtalen arbeidet til utvalet.

10. DELEGERING TIL RÅDMANNEN

10.1 DELEGERING ETTER KOMMUNELOVA

Med heimel i kommunelova § 23 nr. 4 gir Ørskog kommunestyre rådmannen mynde til å gjere vedtak i enkelsaker eller type saker som ikkje er av prinsipiell karakter med mindre anna går fram av lov, forskrifter eller delegeringsvedtak.

Dersom det blir tvil om ei sak er av prinsipiell betydning, vert saka å legge fram for politisk handsaming.

Unntak frå hovudregelen:

1. Delegering innan barnevernstenesta

Administrativ leiar av barnevernstenesta utfører dei gjeremåla som er tillagt denne stillinga i medhald av lov om barnevern § 2.1.

- 2) Delegering innan miljøretta helsevern

Kommunens mynde i prinsipielle avgjerder innanfor miljøretta helsevern kan utøvast av kommunelegen dersom det på grunn av tidsnød er nødvendig for at kommunens oppgåver etter dette kapitlet skal kunne utførast, jfr. § 9 i folkehelselova av 24. juni 2011 nr. 29.

10.2 OPPGÅVER OG ANSVAR

Etter § 22 i kommunelova skal alle kommunar ha ein rådmann.

Rådmannen er øvste administrative leiar for den samla kommunale administrasjon, med dei unntak som følgjer av lov, og innanfor dei grenser som kommunestyret fastset.

Rådmannen skal etter § 23.2 sjå til at alle saker som vert lagde fram for folkevalde organ er forsvarleg utgreidd og at vedtak vert iverksett.

Rådmannen har etter § 23.3 møte- og talerett, sjølv eller ved underordna, i alle kommunale folkevalde organ, med unntak av kontrollutvalet.

10.3 DELEGERING ETTER SÆRLOVSAKER

Kommunestyret gir rådmannen mynde til å forvalte kommunen sine interesser og ansvar etter nemnde særlover med forskrifter, og gjere vedtak i saker som ikkje er av prinsipiell betydning, så langt lova gjev høve til det.

Den mynde som er delegert til rådmannen, vil rådmannen kunne vedta å delegere vidare til underordna stillingar, eller til administrative utval. Det meste av denne mynden blir delegert vidare. Det er rådmannen sitt ansvar at den/dei som får slik delegert mynde har naudsynt kompetanse til å utføre arbeidsoppgåvene i samsvar med plikter etter lovverket.

A.

Alkohollova av 2. juni 1989, nr. 27.

§§ 4-2 og 4-5 Vedta skjenkeløyveløyve for einskildhøve og for skjenking til deltakarar i slutta selskap

§ 1-9 Fastsetje retningsliner for utøving av kontroll med sal- og skjenkeløyve

B.

Barnehagelova av 17. juni 2005 nr. 64.

Biblioteklova av 20. desember 1985, nr. 108.

Brann- og eksplosjonsvernlova av 14. juni 2002 nr. 20.

Barnevernslova av 17. juli 1992 nr. 100.

E.

Eierseksjonslova av 23. mai 1997, nr. 31

F.

Folkehelselova (lov om folkehelsearbeid) av 24. juni 2011, nr. 29

Folketrygdlova av 28. februar 1997 nr. 19

Forurensningslova (vern mot forurensninger og avfall) av 13. mars 1981, nr. 6 med tilhøyrande føresegner.

G.

Grannelova (rettshøve mellom grannar) av 16. juni 1961, nr. 15.

H.

Havnelova (havner og farvann) av 17. april 2009, nr. 19

Helse- og omsorgstjenestelova av 24. juni 2011, nr. 30

J.

Jordlova (tilskipping av jordbruk) av 12. mai 1995, nr. 23.

K.

Konsesjonslova (konsesjon og forkjøpsrett for det offentlige ved erverv av fast eiendom) av 28. november 2003 nr. 98.

Kosmetikklova av 21. desember 2005 nr. 126

Kulturlova av 29. juni 2007 nr. 89

L.

Lov om etablering og gjennomføring av psykisk helsevern av 2. juli 1999 nr. 62.

Lov om film og videogram av 15. mai 1987, nr. 21.

Lov om forbod mot kjønnslemlestelse av 15. desember 1995 nr. 74

Lov om friluftslivet av 28. juni 1957, nr. 16.

Lov om frivillig og tvungen gjeldsordning for privatpersonar av 17. juli 1992 nr. 99

Lov om handelsvirksomhet av 4. juni 1976 nr. 63.

(gjere vedtak om oppsøkjande handelsverksemd utanom fast salsstad, jfr. § 3-2

Lov om kommunal beredskapsplikt av 25. juni 2010, nr. 45

Lov om kommunale og fylkeskommunale eldreråd av 8. november 1991, nr. 76.

Lov om kommunale vass- og kloakkavgifter av 31. mai 1974, nr. 17.

Lov om kringkasting av 4. desember 1992, nr. 127.

Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag av 10. juni 1977, nr. 82.

Lov om stadnamn av 18. mai 1990, nr. 11.

Lov om vern mot tobakkskader av 9. mars 1973, nr. 14.

M.

Matrikkelova (eigedomsregistrering) av 17.juni 2005, nr. 101

N.

Naturmangfoldlova av 19. juni 2009

O.

Odelslova (odels- og åsetesretten) av 28. juni 1974 nr. 58.

Opplæringslova av 17. juli 1998 nr. 61:

§ 2-2 Forskrift om skule- og feriedagar for elevar i skuleåret.

P.

Plan- og bygningslova av 27. juni 2008, nr. 71

S.

Skattelova av 26. mars 1999 nr. 14

Skogbrukslova (skogbruk og skogvern) av 27. mai 2005 nr. 31.

Smittevernlova (vern mot smittsom sykdom) av 5. august 1994, nr. 55.

Lov om sosiale tjenester i NAV, av 18. desember 2009

Straffelova av 22. mai 1902, nr. 10

Strålevernlova av 12. mai 2000 nr. 36

V.

Veglova av 21. juni 1963, nr. 23

Vegtrafikklov av 18. juni 1965, nr. 4 med føresegner

10.4 DELEGERING I PERSONALSAKER

Rådmannen har mynde til å opprette, omgjere og nedlegge stillingar innanfor rammene av gjeldande årsbudsjett og økonomiplan, samt å treffe avgjersler i personalsaker inklusiv tilsettingar, om ikkje anna følgjer av lov eller reglement.

Rådmannen anmelder og begjærer påtale på vegne av Ørskog kommune.

10.5 DELEGERING I LØNSSAKER

Rådmannen gjennomfører lønsforhandlingar etter Hovudtariffavtalen, og godkjenner protokollar frå forhandlingane.

10.6 DELEGERING I ØKONOMISAKER

Rådmannen sitt mynde i budsjett- og økonomisaker går fram av eige økonomireglement.

10.7 DELEGERING I SAKER VEDRØRANDE EIGEDOMAR

Rådmannen kan tildele og selje tomter i regulerte områder, med utgangspunkt i premissar gitt av kommunestyret.

Rådmannen kan inngå leigeavtalar.